

Oslo, 14. desember 1994

REFERAT

frå møte i gjetarhundnemnda til Nsg **tysdag 6. desember 1994** på lagskontoret i Parkveien 71.

Desse var med på møtet: Jon Sand
 Liv Oddny Hauen Hindenes
 Kristian K. Kleppe
 Georg Winsjansen
 Arne Flatebø (sekretær)

Jon H. Sæther hadde gitt melding om at han ikkje kunne møte.

Sakliste:

08/94 Innkalling og sakliste

09/94 Referatsaker

10/94 Oppsummering frå gjetarhundprøvane 94
- Distriktsprøvane
- Fylkesprøvane
- Landsprøvane (Norgesserien)
- Prøvereglane
- Dommarinstruksen

11/94 Oppsummering frå NM i 1994

12/94 NM i 1995

13/94 Arbeidsplan 1995

14/94 Opplæring av gjetarhundinstruktørar / instruktørarbeidet lokalt

SAK 08/94 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste einstemmig godkjent.

SAK 09/94 Referatsaker:

- Brev frå Troms sau- og geitalslag, datert 24. juni 1994.
- Brev frå NKK, datert 9. august 1994.

Vedtak:

Referatsakene blei tekne til orientering.

Sekretæren kontaktar NKK og avklarar korleis den nye HD-skalaen skal tolkast.

Sekretæren kontaktar NKK og avklarar om "working kelpi" kan listeførast slik border collie blei gjort før 1995.

Det skal informerast gjennom Hundesport at medlemene i landsnemnda er kontaktpersoner for gjetarhundrasane border collie og australsk kelpie. Informasjon om dette skal også sendast fylkesnemndene.

SAK 10/94 Oppsummering frå gjetarhundprøvane 94

Nemnda diskuterte erfaringar frå siste haust med omsyn til:

- Distriktsprøvane
- Fylkesprøvane
- Landsprøvane (Norgesserien)
- Nye reglar for kl 2
- Dommarinstruksen

Under diskusjonen blei følgjande moment nemnt:

Landsnemnda vil presisere at det er fylkesnemndene som avgjer kva klasse det skal konkurrerast etter i DP og FM. Dei avgjer også avstanden som skal brukast på dei respektive prøvane.

Nemnda diskuterte opplegget for Landsprøvane (LP)/"Norgesserien". Det var enighet om at ansvaret for gjennomføringa av "Norgesserien" bør liggje hos arrangørane, slik det har gjort. Så lenge prøvane går etter norske reglar ser ikkje nemnda at Norsk sau- og geitalslag treng spela nokon annan rolle enn ved arrangering av DP og FM. Dvs. oppnemning/godkjenning av dommarar o.l.

Nemnda diskuterte vidare reglane og dommarinstruksen. Ein var samd om at det er trong for ein gjennomgang og presisering av ein del punkt i dommarinstruksen i samband med dommarkursa i 95.

Vedtak:

Arrangeringa av "Norgesserien" i 95 bør gå etter same opplegg som siste år. Dvs. at tal prøver, datoar for prøvane, kor prøvane skal arrangerast o.l., bør arrangørfylka bli samde om seg imellom.

Ytterlegare presisering av ansvarsforholda i samband med arrangering av gjetarhundprøvene, skal takast med i den informasjonen som kvart år blir sendt arrangør, fylkesnemnder og dommarane. Dette skal også takast opp på dommarkursa i 95.

Nemnda skal gjennomgå dommarinstruksen og om nødvendig leggje fram ein revidert instruks på dommarkursa i 95. Ein vil spesielt sjå nærare på om det trengst ein revisjon på det som står om kryssing ved utsending og inndriving i kve.

SAK 11/94 Oppsummering frå NM i 1994

Formannen oppsummerte erfaringane frå årets NM. Det blei nemnt at inngraveringskostnadane for vandrepremiane frå 93 blei i år betalt av årets arrangør. Dette er gjort av reint praktiske årsaker. Elles blei det opplyst at vandrepremien for beste unghund blei i år vunnen til odel og eige.

Vedtak:

Rapport frå siste års NM vil bli sendt fylkesnemndene så snart den føreligg.

Nemnda meiner at ingraveringskostnadene for vandrepremiane for 94 blir å betale for neste års arrangør osv.

Gjetarhundnemnda i Buskerud, som i si tid gav vandrepremien til beste unghund, bør avklare med neste års arrangør og med Norsk sau- og geitalslag, spørsmåla om ein ny vandrepremie til beste unghund.

SAK 12/94 NM i 1995

Oppland har teke på seg å arrangere NM i 1995 etter at Troms sa det frå seg.

Landsnemnda beklager at Troms ikkje såg seg i stand til å arrangere NM i 95, men håpar at dei på ny vil vurdere å ta på seg arrangementet i nær framtid. Nemnda er av den meining at eit NM i Troms vil tene gjetarhundsaka og sauehaldet i landsdelen.

Vedtak:

NM i 1995 vert på Lillehammer i Oppland 14. og 15. oktober.

SAK 13/94 Arbeidsplan 1995

Arbeidsplanen for 1994 blei diskutert. Nemnda var samd om at det ikkje var grunnlag for dei store kursendingane.

Vedtak:

Det vil i år bli arrangert instruktørkurs/oppfølgingskurs for nokre få utvalde instruktørar frå kvart fylke. Vidare vil fylke som ber om det få hjelp for å halde eigne kurs for nye instruktørar eller som oppfølgingskurs. Føresetnaden er at kostnad med instruktør vert dekkja av arrangørfylke/ kursdeltakarane. Winsjansen undersøker med Nordre-Nordland om det kan vere interesse for oppfølgingskurs der i 95. Hordaland kan også vere eit aktuelt fylke for å halde oppfølgingskurs.

Det skal arrangerast to dommarkurs i 1995. Eit sør i Norge og eit for dommarar frå Sør-Trøndelag og nordover. Winsjansen sjekkar med trønderfylka om når og kor dette kurset bør leggjast. Sekretæren sjekkar med Semb om når det eventuelt kan vere ledig lokale for kurs der. Jon Sand sjekkar med dommar frå Skottland som kan vere med på møte i nemnda, i samband med dommarkursa, og på eit av dommarkursa.

For å skaffe ein oversikt over kor mange som er innstilt på å halde fram med dommargjeringa, skal det sendast brev til alle dommarar og dommarelevar.

NM 95 skal haldast laurdag 14. og søndag 15. oktober på Lillehammer i Oppland.

Landskampen mot Sverige skal gå i Sverige i 1995. Liv Oddny Hauen Hindenes har ansvar for at det blir teke kontakt med Sverige for å avklare tid og stad for landskampen. Uttak til landskampen skal vere som dei siste år. Uttakingsprøva vert arrangert 12. og 13. august på Kamben.

SAK 14/94 Opplæring av gjetarhundinstruktører / instruktørarbeidet lokalt

Spørsmåla om instruktør opplæring og gjennomføring av dei lokale gjetarhundkursane som blei tekne opp på det opne møtet på Sundvollen den 21. oktober, tok nemnda fatt i og drøfta vidare.

Vedtak:

Fylkesnemndene har ansvar for:

- * utplukking av personar som skal gå instruktørkurs.
- * følgje opp instruktørane i fylka med årlege samlingar og fagleg "brifing".
- * kontakte landsnemnda for å få hjelp i samband med oppfølgingskursane, om det skulle vere nødvendig.

Landsnemnda meiner at målet må vere å arrangere to typar instruktørkurs:

- grunnkurs for nybegynnarar med mykje praksis i grunnleggjande instruktørarbeid.
- vidaregåande kurs med stor vekt på teori.

Kurset for vidarekomne bør vere for ein til to frå kvart fylke. Fylkesnemndene peikar ut kven som skal delta på desse kursane. Kursdeltakarane skal saman med fylkesnemnda vere ansvarleg for å gjennomføre oppfølging av instruktørane i fylka.